



St.prp. nr. 9

(2001-2002)

**Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i
EØS-komiteen om endring av protokoll
31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/
EØS-statane i ei fellesskapsramme for
samarbeid for å fremje berekraftig
byutvikling**

*Tilråding fra Utenriksdepartementet av 26. oktober 2001,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Bakgrunn

Fellsskapsramma for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling vart formelt vedteken i EU 27. juni 2001. Fellesskapsramma skal gjelde i tidsrommet 01.01.2001 til 01.01.2004, og er meint å skulle støtte opp om dei verkemidla som alt finst på området. Budsjettet for ordninga er sett til 14 millionar euro samla for fireårsperioden 2001-2004, som tilsvarar om lag 112 millionar kroner.

Det er opna for at EFTA/EØS-statane kan ta del i fellesskapsramma. Slik deltaking har som føresetnad at protokoll 31 i EØS-avtala blir endra. Ettersom ordninga går over fleire år, vil norsk deltaking gjere det naudsynt med løyvingsvedtak, og det er difor naudsynt med samtykke frå Stortinget til deltaking i avgjerala i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal ta del i fellesskapsramma så snøgt som råd, blir det lagt opp til at det blir innhenta samtykke frå Stortinget før det er teke avgjerd i EØS-komiteen. Avgjerala i EØS-komiteen er venta før årsskiftet 2001/2002.

Europaparlaments- og rådsavgjerala og utkast til avgjerd i EØS-komiteen i uoffisiell norsk omsetjing følger som trykte vedlegg til denne proposisjonen.

2 Nærmare om programmet

Europakommisjonen fremma 22.11.1999 ein strategi for berekraftig utvikling som oppfølging av europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2179/98 om ei berekraftig byutvikling i den Europeiske Union. Eit viktig grunnlag for denne strategien og for fellesskapsramma for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling blei lagt fram i ein omfattande rapport om berekraftig byutvikling utarbeidd av ei ekspertgruppe for bymiljø, der også Noreg tok del.

Fellesskapsramma for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling omfattar mellom anna styrking av nettverka mellom lokale styresmakter, utvikling og formidling av røynsler i spørsmål om berekraftig byutvikling og lokal Agenda 21, og samordning av informasjon og synspunkt frå lokale styresmakter på område som er viktige for byutviklinga. Fellesskapsramma tek sikte på å gje lokale styresmakter informasjon om korleis aukande forureining og stort forbruk av naturressursar kan reduserast, og korleis by- og miljøpolitikken kan styrkjast. Miljøproblema i byane er samansette og kan ikkje løysast innanfor den einskilde sektor. Til dømes har auka bruk av privatbil gjeve grunnlag for dagens byspreiing, men resultatet er at ein er blitt meir avhengig av å nytte bil, noko som har ført til aukande forbruk av energi og meir luftforureining lokalt og globalt. Samstundes har nedbygginga av grøne område redusert livskvaliteten til innbyggjarane.

For å møte desse utfordringane meiner Kommisjonen at det er naudsynt med:

- integrerte tiltak, dvs. bruk av alle tilgjengelege verkemiddel for å løyse fleire problem samstundes,
- politiske grep som løyser problema lokalt og ikkje skyv dei over til andre stader eller kommande generasjonar,
- politiske løysingar som fører til endringar i forbruksmønsteret til den einskilde.

Byane er sjølv ansvarlege for å løyse miljøproblema, men Kommisjonen gjev uttrykk for at medlemsstatane kvar for seg ikkje maktar å utveksle røynsler og døme på god praksis på tvers av landegrensene. Dette kan difor gjerast på ein meir effektiv måte gjennom eit samarbeid mellom dei einskilde statane. Rolla til Unionen er å oppmuntre lokale styresmakter til å sannkjenne utfordringane og assistere dei i arbeidet fram mot ei berekraftig utvikling.

Fellesskapsramma har som mål å tilby økonomisk og teknisk støtte til nettverk som blir skipa mellom lokale styresmakter for å stimulere til gjennomføring av miljølovgjevinga på lokalt nivå, ei berekraftig byutvikling og lokal Agenda 21.

Partane i samarbeidsavtala er Kommisjonen og Kampanjen for berekraftige byar i Europa med tilhøyrande nettverk av byar (meir enn 540 byar tek del). Avtala omfattar dei byane som tek del i nettverka som er tilslutta kampanjen. Også Kypros, Malta og statane i Aust- og Sentral-Europa kan ta del, samt EFTA/EØS-statane etter EØS-avtala.

Følgjande typar verksemder kan finansierast gjennom fellesskapsramma:

- a) Utveksling av informasjon om berekraftig byutvikling og lokal Agenda 21 og forbetring av miljøet i område med miljøproblem. Det kan bli gjeve

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

støtte til utvikling av verkty for informasjon, dokumentasjon og opplysningskampanjar for å auke medvitet om berekraftig byutvikling blant styresmakter, næringsliv og folk flest, og utvikling og formidling av gode døme (40 % av midlane).

- b) Samarbeid mellom aktørane som det gjeld, spesielt for å betre kommunikasjonen, samordninga og informasjonsutvekslinga mellom byane. Det kan mellom anna gjevast støtte for å hjelpe lokale styresmakter til å gjennomføre miljøpolitikken og integrere endringsprosjekt i byane. Ein kan også gje støtte til inngåing av partnarskap mellom private og offentlege aktørar (40 % av midlane).
- c) Tiltak som er naudsynte for å analysere og evaluere verksemd innanfor berekraftig byutvikling og Lokal Agenda 21, til dømes rapportering av omfanget av problem, utbreiing og type som kan krevje tiltak på felleskapssplan. Utvikling og bruk av miljørapporteringsystem kan også få støtte (20 % av midlane).

Innbyding til å søkje om midlar frå fellesskapsramma skal offentleggjerast i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*. Verksemd som kan få medfinansiering gjennom fellesskapsramma, skal veljast ut av Kommisjonen. Det vil bli lagt vekt på kriterium som kostnad/nytte, multiplikatoreffekt på europeisk nivå, balanse mellom partnarane, multinasjonale og tverrsektorielle tiltak og aktiv innsats frå partane. Det er lagt opp til strenge rapporterings- og kontrollrutinar for bruk av midlane.

Midtvegs i perioden skal Kommisjonen gjennomføre ei evaluering av programmet og leggje fram resultata for Europaparlamentet og Rådet.

Det vil bli skipa eit rådgjevande utval som skal hjelpe Kommisjonen i iverksetjinga av programmet. Utvalet skal sjølv vedta møteføresesognene sine. EFTA/EØS-statane vil ta del i utvalet med same rettar og plikter som medlemsstatane i EU, bortsett frå røysterett.

Framlegget er i stor grad i samsvar med dei strategiane og arbeidsmåtane som regjeringa har med omsyn til utvikling av meir berekraftige byar og tettstader. Miljøverndepartementet støttar utvikling av gode døme og god praksis, og formidlar kunnskap og resultat gjennom rapportar, «prosjektark» og liknande. Det blir lagt auka vekt på partnarskapsløysingar, og det blir arbeidd med indikatorar for ei berekraftig byutvikling. Gjennom Lokal Agenda 21-arbeidet blir byar og andre lokalsamfunn oppmoda til å ta miljøansvar, og det blir skipa nettverk for utveksling av idear og resultat. Deltaking i programmet vil kunne vere eit nyttig supplement og utviding av den nasjonale innsatsen.

Dei lokale aktørane/byane vil særleg kunne dra nytte av slik deltaking. Mange norske kommunar tek allereie del i dei fem nettverka som inngår i Kampanjen for berekraftige byar i Europa. Midlar frå fellesskapsramma vil kome dei norske byane til gode dersom desse er aktive søkerar.

3 Konstitusjonelle tilhøve

Sidan den norske deltakinga gjer det naudsynt med eit budsjettvedtak, og vil bli finansiert over ei tidsramme på fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltaking i avgjerala i EØS-komiteen, jf. § 26 andre ledet i Grunnlova. Island og Liechtenstein har ikkje tilsvarande trond for slike prosedyrar i denne saka. Ei avgjerd i EØS-komiteen kan ikkje ta til å gjelde for EFTA/EØS-statane før alle dei naudsynte meldingane om at konstitusjonelle prosedyrar er avslutta, er mottekne.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerala og for å gjere det mogleg for EFTA/EØS-statane å ta del i ordninga så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke til deltaking før avgjerala er teken i EØS-komiteen, som eit samtykke til deltaking i avgjerala i EØS-komiteen. Då vil det ikkje vere naudsynt å ta noko etterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved vedtakinga. Det er ikkje venta at utkastet til avgjerd i EØS-komiteen vil bli endra. Dersom den endelege avgjerala skil seg vesentleg frå det utkastet som blir lagt fram i denne proposisjonen, vil saka bli lagd fram for Stortinget på nytt.

4 Avgjerala i EØS-komiteen

Med sikte på deltaking frå EFTA/EØS-statane i fellesskapsramma for samarbeid om berekraftig byutvikling vil EØS-komiteen vedta ei endring av artikkel 3 i protokoll 31 i EØS-avtala, slik at avtala òg omfattar denne fellesskapsramma for samarbeid. I innleiringa til utkastet til avgjerd blir det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga til og visse protokollar i avtala. Vidare blir det slått fast at avtalepartane skal utvide samarbeidet til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerala om fastsettjing av ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling.

Artikkkel 1 i utkastet slår fast at denne avgjerala blir teken inn i artikkel 3 i protokoll 31 i EØS-avtala.

Artikkkel 2 i utkastet slår fast at avgjerala tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala. Avgjerala skal nyttast frå 1. januar 2001.

Artikkkel 3 slår fast at avgjerala skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskap*.

5 Administrative, økonomiske, budsjettmessige og rettslege konsekvensar

Norsk deltaking i den framlagde fellesskapsramma for samarbeid krev ingen lov- eller forskriftsendringar. Fellesskapsramma har eit samla budsjett på 14 millionar euro over fire år (om lag 112 millionar kroner). Ved deltaking vil den norske løyvinga bli på om lag 500 000 kroner per år. Utgiftene vil bli dekte over budsjettet til Miljøverndepartementet, kap. 1463 post 01.

6 Konklusjon og tilråding

Byutvikling er eit stadig viktigare politikkområde så vel i Noreg som i resten av Europa. Målet med avgjerda om å inngå ei avtale om ei felles ramme for samarbeidet om berekraftig byutvikling, er å medverke til å styrke dette området gjennom å gje støtte til samarbeidsprosjekt som involverer ikkje berre lokale styresmakter i byane, men også næringsliv og folk flest. Etter Miljøverndepartementet si vurdering vil deltakinga i fellesskapsramma vere i tråd med norske interesser. Programmet vil vere eit godt supplement til vår nasjonale innsats, og deltakinga vil truleg stadfeste at internasjonalt samarbeid på området berekraftig byutvikling kan gje vinstar.

På bakgrunn av dette tilråd Miljøverndepartementet at Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om å innlemme ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling i EØS-avtala. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS- avtala om deltaking for EFTA/EØS- statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

I

Stortinget samtykker i at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

Vedlegg 1

**Avgjerd i EØS-komiteen nr. /2001 av ... 2001 om
endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid
på særlege område utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR -

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. ... av ...¹⁾
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1411/2001/EF av 27. juni 2001 om ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling²⁾
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2001-

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 til avtala skal følgjande leggjast til etter nr. 3 i artikkel 3:

«4.	EFTA-statane skal frå 1. januar 2001 ta del i det fellesskapstiltaket som er nemnt i nr. 6.»	
5.	EFTA-statane skal frå innleiinga av samarbeidet i det tiltaket som er nemnt i nr. 6, fullt ut ta del i dei organa som støtter EF-Kommisjonen i forvaltinga eller utviklinga av dette tiltaket.	
6.	Avtalepartane skal særleg freiste å styrke samarbeidet innan ramma av dei fellesskapsaktivitetane som kan verte resultatet av følgjande fellesskapsrettsakt:	
-	32000 D 1411: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1411/2001/EF av 27. juni 2001 om ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling (TEF L...).»	

Artikkel 2

Denne avgjera tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala³⁾

Avgjera skal nyttast frå 1. januar 2001.

¹⁾ TEF L... av .., s..., og EØS-tillegget til TEF nr. ... av ..., s...

²⁾ TEF L...

³⁾ [Forfatningsrettslege krav oppgjevne./Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

Artikkel 3

Denne avgjera skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til
Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

Utferda i Brussel,

For EØS-komiteen

Formann

Sekretærar for EØS-komiteen

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

Vedlegg 2**Europaparlaments- og Rådsavgjerd nr. 1411/2001/
EF av 27. juni 2001 om ei fellesskapsramme for
samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 175 nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen ⁴⁾

,

med tilvising til fråsegnna frå Økonomi- og sosialutvalet ⁵⁾

,

med tilvising til fråsegnna frå Regionutvalet ⁶⁾

,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten ⁷⁾

, og

ut frå desse synsmåtane:

1. I traktaten er det fastsett at det skal utarbeidast og gjennomførast ein fellesskapspolitikk på miljøområdet, og gjort greie for måla og prinsippa for denne politikken.
2. Ved vedtakinga av europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2 179/98/EF ⁸⁾ stadfesta Fellesskapet at det held fast ved den framgangsmåten og den overordna strategien som Kommisjonen har valt i programmet sitt «Mot ei berekraftig utvikling» ⁹⁾
- .
3. Mange av dei internasjonale pliktene til Fellesskapet, særleg med omsyn til kampen mot klimaendringar, kan berre gjennomførast i samarbeid med lokale styresmakter.
4. I meldinga si «Berekraftig byutvikling i Den europeiske unionen: ei handlingsramme» av 28. oktober 1998 plikta Kommisjonen seg til å halde fram med å støtte nettverksarbeidet mellom lokale styresmakter og sikre eit høveleg rettsleg grunnlag for finansiering av slikt arbeid over fleire år.
5. Europaparlamentet har vedteke fleire resolusjonar ¹⁰⁾ om styrking av bymiljøpolitikken i Den europeiske unionen.
6. Regionutvalet har vedteke ei fråsegn om grensekryssande og tverrnasjonal samarbeid mellom lokale styresmakter ¹¹⁾ og ei fråsegn om kommisjonsmeldinga «Ein dagsorden for byane i Den europeiske unionen» ¹²⁾

⁴⁾ TEF C 56 E av 29.2 2000, s. 68.

⁵⁾ TEF C 204 av 18.7 2000, s. 35.

⁶⁾ TEF C 317 av 6.11 2000, s. 33.

⁷⁾ Europaparlamentsfråsegn av 14. desember 2000 (enno ikkje offentleggjord i TEF), og rådsavgjerd av 18. juni 2001.

⁸⁾ TEF L 275 av 10.10 1998, s. 1.

⁹⁾ TEF C 138 av 17.5 1993, s. 5.

¹⁰⁾ TEF C 226 av 20.7 1998, s. 34 og 36, og TEF C 279 av 1.10 1999, s. 44.

¹¹⁾ TEF C 51 av 22.2 1999, s. 21.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

7. I det femte handlingsprogrammet for miljø vert det sannkjent at alle dei aktørane det gjeld, medrekna Kommisjonen og lokale styresmakter, i fellesskap bør arbeide for å nå målet om berekraftig utvikling og dele det ansvarer som er knytt til dette arbeidet.
8. I kapittel 28 i Agenda 21, som var temaet i den protokollen som vart underskriven under verdstoppmøtet i Rio i 1992, er det fastsett at dei fleste lokale styresmakter i kvar einskild stat bør få i stand ei samrådsordning med folket og nå fram til semje om ein lokal Agenda 21-handlingsplan.
9. For å kunne nå måla om ei berekraftig byutvikling og gjennomføre Agenda 21 og regelverket til Fellesskapet er det naudsynt å fastsetje, utarbeide og utveksle god praksis mellom lokale styresmakter og syte for at dei vert gjorde meir medvitne om slik praksis.
10. Det er naudsynt å auke kapasiteten i nettverka til dei lokale styresmaktene på europeisk plan og utarbeide og utveksle god praksis på området berekraftig byutvikling og Agenda 21 på lokalt plan, og samordne denne verksemda slik at Kommisjonen får opplysningar og fråsegner frå lokale styresmakter om nye og moglege framtidige perspektiv på område som gjeld berekraftig utvikling.
11. Ettersom måla for det tilrådde tiltaket, dvs. utveksling av retningslinjer for god praksis på europeisk plan og medvitsaukande tiltak blant lokale styresmakter ved hjelp av europeiske nettverk, ikkje i tilstrekkeleg grad kan nåast av medlemsstatane og difor betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærlieksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne avgjerda lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
12. Det er viktig å fastsetje kva for tiltaksområde som skal prioriterast innanfor fellesskapsramma for samarbeid.
13. Det er naudsynt å fastsetje effektive metodar for kontroll og vurdering og å syte for at moglege støttemottakarar og årmenta får tilstrekkelege opplysningar.
14. Gjennomføringa av denne samarbeidsramma bør vurderast i lys av røynslene frå dei første gjennomføringsåra, og Europaparlamentet og Rådet bør få melding om dette.
15. I denne avgjerda er det for heile det tidsrommet som programmet varer, fastsett ei finansiell ramme som utgjer det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta, slik det er definert i punkt 33 i den tverrinstitusjonelle avtala av 6. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjettdisiplin og betre budsjettthandsaming¹³⁾
16. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerda, skal vedtakast i samsvar med rádsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen¹⁴⁾

¹²⁾ TEF C 251 av 10.8 1998, s. 11.

¹³⁾ TEF C 172 av 18.6 1999, s. 1.

¹⁴⁾ TEF L 184 av 17.7 1999, s. 23.

TEKE DENNE AVGJERDA:**Artikkel 1**

Det vert skipa ei fellesskapsramme for samarbeid (heretter kalla «samarbeidsramma») for å gje økonomisk og teknisk støtte til nettverk av lokale styresmakter som er organiserte i minst fire medlemsstatar, eventuelt òg i byar i dei statane som er nemnde i artikkkel 8, med sikte på å fremje utarbeiding, utveksling og gjennomføring av god praksis på følgjande område:

- gjennomføring av miljøregelverket til EU på lokalt plan,
- berekraftig byutvikling,
- lokal Agenda 21.

Hovudpartnarane skal vere Kommisjonen, nettverk av lokale styresmakter, organiserte aktørar med fleire interesser i bymiljøet, fellesskapsnett som t.d. ikkje-statlege organisasjonar, universitet og andre aktørar som er organiserte på europeisk plan.

Artikkel 2

1. Dei typane verksemd som kan gjevast fellesskapsstøtte innanfor denne samarbeidsramma, er definerte i vedlegget.
2. Kommisjonen kan gje støtte til alle nettverk av lokale styresmakter slik det er definert i artikkkel 1, eller når det gjeld dei oppfølgingstiltaka som er nemnde i del C i vedlegget, til andre som ønskjer å utvikle slik verksemd.
3. Fellesskapsstøtta skal omfatte verksemd som skal gå føre seg i det året som det finansielle tilskotet vert gjeve for, og/eller i dei to etterfølgjande åra.
4. Vedlegget inneholder ei rettleiande oversikt over fordelinga av den økonomiske støtta mellom dei ulike typane verksemd.

Artikkel 3

Kommisjonen skal, i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkkel 11 nr. 2, vurdere dei innleverte framlegga og blant desse velje ut dei prosjekta som skal finansierast innanfor dei prioriterte områda som er nemnde i artikkkel 4.

Artikkel 4

1. Kommisjonen skal offentleggjere i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa* ei melding som inneholder ei utgreiing om dei prioriterte områda som prosjekt skal finansierast innanfor, saman med utveljings- og tildelingskriterium og framgangsmåtar for søking og godkjenning.
2. Framlegg til prosjekt som treng finansiering, skal sendast inn til Kommisjonen av nettverka av lokale styresmakter slik det er definert i artikkkel 1, og for dei typane verksemd som er nemnde i del C i vedlegget, av andre som har rett til å motta støtte.
3. Innbydingar til å kome med framlegg om prosjekt innanfor denne samarbeidsramma skal kvart år innan 31. januar offentleggjera i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*. Etter ei vurdering av framlegga skal Kommisjonen

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

- innan 31. mai avgjere kva prosjekt som skal finansierast. På grunnlag av avgjerala om kva prosjekt som skal finansierast, skal det med dei støttemottakarane som er ansvarlege for gjennomføringa, gjerast ei avtale som fastset rettane og pliktene til partnarane.
4. Ei liste over støttemottakarane og dei prosjekta som vert finansierte gjennom denne samarbeidsramma, skal offentleggjera saman med opplysninga om storleiken på støtta.

Artikkel 5

Kommisjonen skal syte for at det er samanheng, komplementaritet og samverknad mellom fellesskapsverksemd og -prosjekt som skal gjennomførast innanfor denne samarbeidsramma, og andre fellesskapsprogram og -initiativ, særleg URBAN-initiativet, som er nemnt i artikkel 20 i rådsforordning (EF) nr. 1 260/1999 av 21. juni 1999 om fastsettelse av alminnelige bestemmelser om strukturfond ¹⁵⁾

. Prosjekt som vert finansierte gjennom andre fellesskapsprogram og -fond, kan ikkje finansierast gjennom denne samarbeidsramma.

Artikkel 6

1. Denne samarbeidsramma tek til å gjelde 1. januar 2001 og går ut 31. desember 2004. Den finanzielle ramma for gjennomføringa av denne samarbeidsramma er 14 millionar euro for tidsrommet 2001-2004. Dei årlege løyyingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle oversлага.
2. Økonomisk støtte på 350 000 euro eller meir kan gjevast berre dersom rekneskapane til støttemottakaren for det føregåande året er vortne godkjende av ein registrert revisor. Rekneskapane for det tidsrommet som tilskotet vert nytta i, skal òg godkjennast av ein registrert revisor. Økonomisk støtte på under 350 000 euro kan gjevast berre dersom rekneskapane til støttemottakaren for det føregåande året ligg føre i ei form som er godkjend av Kommisjonen og vert lagde fram i denne forma i det tidsrommet som tilskotet vert nytta i.

Artikkel 7

Prosjekta skal medverke til å verkeleggjere dei måla som er nemnde i artikkel 1, og skal veljast ut på grunnlag av følgjande allmenne kriterium:

- a) eit gunstig nytte-kostnadstilhøve,
- b) ein vedvarande mangfaldiggjeraende verknad på europeisk plan,
- c) eit effektivt og balansert samarbeid mellom dei ulike partnarane med omsyn til programplanlegging og gjennomføring av verksemda, og dessutan økonomisk deltaking,
- d) ein del av den økonomiske deltakinga,
- e) ein innsats for ein fleirnasjonal metode, særleg for samarbeid på tvers av landegrensene innanfor Fellesskapet og eventuelt utover fellesskapsgrensene med nabostatane,
- f) ein innsats for ein integrert fleirsektoriell metode og for ei berekraftig

¹⁵⁾ TEF L 161 av 26.6 1999, s. 1.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

- byutvikling, samstundes som det vert teke omsyn til dei sosiale, økonomiske og miljømessige dimensjonane ved ei slik utvikling,
- g) graden av medverknad frå alle partnarane, medrekna representantar for det sivile samfunnet,
 - h) ein innsats for å styrke og fornye offentlege tenester av allmenn interesse.

Artikkel 8

Denne samarbeidsramma skal vere open for deltaking for nettverk av lokale styresmakter, medrekna byar i dei sentral- og austeuropaiske statane, på Kypros og Malta og dessutan i andre statar som har inngått assosieringsavtaler med Fellesskapet.

Artikkel 9

- 1. For å sikre at verksemda til mottakarane av fellesskapsstøtta skal lukkast, skal Kommisjonen gjere naudsynte tiltak for å:
 - a) stadfeste at den verksemda som det er gjort framlegg om for Kommisjonen, er vorten gjennomførd på rett måte,
 - b) førebyggje og motverke avvik,
 - c) eventuelt krevje tilbake summar som er vortne betalte ut på urettkome vis.
- 2. Utan at det rører ved den revisjonen som vert utført av Revisjonsretten i medhald av artikkkel 248 i traktaten, og ved kontrollar som vert utførde i medhald av artikkkel 279 bokstav c) i traktaten, kan tenestemenn og andre tilsette i Kommisjonen utføre kontrollar på staden, medrekna stikkprøvekontrollar, av verksemdu som vert finansiert gjennom denne samarbeidsramma. Kommisjonen skal på førehand varsle støttemottakarane om kontrollar som skal utførast på staden, med mindre det er sterkt mistanke om svik eller om misbruk av støtta.
- 3. Mottakarane av den økonomiske støtta skal syte for at alle underlagsdokument om kostnadene ved ein type verksemd er tilgjengelege for Kommisjonen i eit tidsrom på fem år etter at den siste utbetalinga i samband med denne aktiviteten fann stad. Dokumenta kan også ligge føre i elektronisk form.

Artikkel 10

- 1. Kommisjonen kan redusere, oppheve eller krevje tilbake den økonomiske støtta som er gjeven gjennom ei avtale, dersom det vert oppdaga avvik, eller dersom det viser seg at avtala utan godkjenning frå Kommisjonen er vorten endra i strid med dei avtalte måla eller gjennomføringsvilkåra.
- 2. Dersom fristane ikkje er vortne etterlevde, eller dersom utviklinga i gjennomføringa av ei avtale berre rettferdiggjer bruk av ein del av den økonomiske støtta som er vorten tildelt, skal Kommisjonen be støttemottakaren om å leggje fram ei forklaring innan ein fastsett frist. Dersom støttemottakaren ikkje gjev eit tilfredsstillande svar, kan Kommisjonen stanse den resterande økonomiske støtta og krevje at summar som alt er vortne betalte ut, snøgt vert betalte tilbake. Kommisjonen pliktar seg til å vurdere slike forklaringar på ein grundig og snøgg måte.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

3. Støttemottakaren skal kvart år leggje fram for Kommisjonen ein framdriftsrapport for avtaler som varer i meir enn eitt år, og ein finansiell rapport for kvar avtale innan seks månader etter at avtala sluttar å gjelde. Kommisjonen fastset kva form og innhald desse rapportane skal ha. Dersom rapportane ikkje vert lagde fram innan dei fastsette fristane, har mottakaren ikkje lenger rett til vidare finansiering innanfor ramma av denne avgjerdha. Kommisjonen pliktar seg til å vurdere rapportane innan ein rimeleg frist for å unngå unaudsynlege seinkingar i utbetalingane.
4. Alle urettkomne utbetalingar skal betalast tilbake til Kommisjonen. Det kan leggjast til renter på summar som ikkje vert betalte tilbake i rett tid. Kommisjonen fastset nærmare reglar for gjennomføringa av dette nummeret.

Artikkel 11

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit rådgjevande utval.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkelen 3 og 7 i rådsavgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkelen 8 i den nemnde avgjerdha.
3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

Artikkel 12

Kommisjonen skal vurdere gjennomføringa av denne samarbeidsramma og seinast 31. mars 2003 leggje fram ein rapport om dette for Europaparlamentet og Rådet.

Artikkel 13

Denne avgjerdha skal nyttast frå 1. januar 2001 til 31. desember 2004.

Ufferda i Luxembourg, 27. juni 2001.

For Europaparlamentet	For Rådet
N. FONTAINE	B. ROSENGREN
President	Formann

Vedlegg

Typar verksemder som kan tildelast økonomisk støtte frå Fellesskapet		Rettleiande fordeling av ressursar 100 %
A.	Informasjon og informasjonsutveksling om berekraftig byutvikling og lokal Agenda 21 og betring av miljøkvaliteten i område med både miljøproblem og sosioøkonomiske problem	40 %
-	utvikle verktøy for opplæring av, informasjon til, dokumentasjon til og medvitsaukande tiltak blant fagfolk, målgrupper, lokale avgjerdstakrar og ålmenta, medrekna lokale styresmakter som ønskjer å betre miljøinnsatsen sin,	

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i ei fellesskapsramme for samarbeid for å fremje berekraftig byutvikling

	- fremje, overføre og formidle god praksis og resultat av demonstrasjonsprosjekt i område med både miljøproblem og sosioøkonomiske problem, mellom anna til lokale styresmakter som ikkje tek del i nettverk som er omfatta av denne avgjerd.	
B.	Samarbeid mellom partnarane som berekraftig byutvikling og Agenda 21 på europeisk plan kjem ved	40 %
	- fremje samarbeid mellom dei partnarane som er nemnde i fellesskapshandlingsprogrammet for miljø,	
	- i samsvar med nærlieks- og partnarskapsprinsippet gjere ein innsats innanfor ramma av dei nasjonale programma for å hjelpe lokale styresmakter, mellom anna med gjen-nomføring av miljøpolitikken til Fellesskapet, byomformingsprosjekt og byfornyingsplanar for å betre kvaliteten på det lokale bymiljøet, ved hjelp av ein integrert metode,	
	- lette dialogen, samordninga og utvekslinga av informasjon mellom dei nettverka av lokale styresmakter som er organiserte på europeisk plan, og organa til Fellesskapet,	
	- støtte skipinga av partnarskap, òg med partnarar frå dei statane som er nemnde i artikkkel 8.	
C.	Oppfølgingstiltak som er naudsynte for å analysere og føre tilsyn med verksemd på området berekraftig byutvikling og lokal Agenda 21	20 %
	- rapportar om nivået av, omfanget av og typen problem i byar som vil kunne handsamast på fellesskapsplan,	
	- analysar av innslaget på lokalt plan av ein metode for berekraftig byutvikling på andre område enn i miljøpolitikken, med særleg vekt på samanhengen med strukturpolitikken,	
	- kontroll- og støttefunksjonar for konsolidering, samordning, bruk, formidling og utvikling av overvakingsinitiativet for ei berekraftig utvikling på lokalt plan/felles europeiske indikatorar.	
